

Ottar Grepstad

*Nynorsk i opplæringa:
kunnskap, kultur og kvalitet*

Synspunkt til politisk leiing
i Utdannings- og forskingsdepartementet

Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad

*Nynorsk i opplæringa:
kunnskap, kultur og kvalitet*

Synspunkt til politisk leiing
i Utdannings- og forskingsdepartementet

OFFENTLEG VERSJON

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2004

SMÅSKRIFTER FRÅ IVAR AASEN-TUNET

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på www.aasentunet.no.

1. Ottar Grepstad: *Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet*. Februar 2004

Innhold

Bakgrunn	5
Samandrag	7
1. Politisk grunnlag	10
2. Nynorsk som hovudmål	15
3. Nynorsk som sidemål	17
4. Nynorsk for framandkulturelle	26
5. Den engasjerte faglæraren	30
6. Digitale uttrykksformer som fellesnemnar	32
7. Den kulturelle skulesekken	36
8. Særlege tiltak 2004 – 2006	38
9. Konklusjon	39
Kjelder	40

© 2004 forfattaren

Trykt på hustrykkeriet i Ivar Aasen-tunet

1. opplaget februar 2004: 200 eksemplar

Bakgrunn

Etter ein uformell samtale om sidemålspolitikk med statsråden og andre i Utdannings- og forskingsdepartementet i desember blei eg invitert til eit drøftingsmøte med departementet 28. januar 2004. På grunnlag av drøftingar og synspunkt frå det møtet har eg laga dette notatet med synspunkt til bruk i departementets arbeid med stortingsmelding på grunnlag av innstillinga frå kvalitetsutvalet (NOU 2003:16). Dokumentet byggjer på synspunkt frå om lag 50 personar i tidsrommet november 2003 – februar 2004, og nokre tidlegare skrifter, slik kjeldeoversynet til slutt syner.

Dokumentet er ikkje handsama i styret for Nynorsk kultursentrum, og står for mi rekning fullt ut. Likevel torer eg seie det er nokså representativt for viktige miljø innanfor både pedagogikk, språkvitskap og målsak. Det er særleg viktig å streke under at mange i nynorskmiljøa har lagt stort alvor i at det ikkje er akseptabelt å drøfte ”berre” nynorsk som sidemål, men at også elevane med nynorsk som hovudmål må få auka merksemd.

I denne offentlege versjonen er eit underpunkt teke ut av omsyn til den interne sakshandsaminga i Utdannings- og forskingsdepartementet.

Ivar Aasen-tunet, 9. februar 2004

Samandrag

1. Politisk grunnlag

Målet for ein samla norsk språkpolitikk er at både nynorsk og bokmål skal bli verande fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet. Kva rolle nynorsk skal ha i skulen, dreiar seg difor om både kultur- og skulepolitiske prinsipp, og kan ikkje forenklast til eit pedagogisk spørsmål. Det er likevel nødvendig med fleire overordna skulepolitiske grep: fleire forskingsbaserte forsøk, metodemangfald med systematisk erfaringsutveksling, meir skriftkultur i skulen, samarbeid mellom ulike typar skular og med abm-institusjonar, digitale uttrykksformer og ei målretta institusjonell styrking.

Den nynorskpolitikken som blir fastlagd gjennom stortingshandsaminga av stortingsmeldinga om kvalitetsutvalets innstilling våren 2004, bør vere så framtidsretta og samlande at den kan bli ståande i lang tid. Dermed kan alle konstruktive krefter setjast inn til det pedagogiske og praktiske arbeidet som så mange gjerne vil vere med på. Maktar regjeringa Bondevik det, vil dette hauste mykje fagnad.

2. Nynorsk som hovudmål

Målet bør vere å gjere det lettare for elevar med nynorsk som hovudmål å halde på hovudmålet sitt gjennom vidaregåande skule og inn i høgare utdanning. Mange av desse elevane slit i dag med dårleg språkleg sjølvtilit, og mange av dei er for lite støe i sitt eige skriftspråk. Vi peikar på at elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk vil vere ein avgjerande faktor for mange av desse elevane.

3. Nynorsk som sidemål

Målet bør vere å utvikle ei fleirfagleg undervisning i nynorsk som endrar haldningar og aukar dei samla språkkunnskapane hos elevane, og som gjer det mogleg for

gjennomsnittslæraren å lykkast i sidemålsundervisninga. Det er brei semje om at mykje av sidemålsundervisninga i nynorsk ikkje fungerer. Vi peikar på ei rekkje måtar å forbetre denne undervisninga på, og rår til at nynorsk bør bli verande eit skriftleg og obligatorisk fag, men opnar for andre vurderingsformer enn eigen eksamen, på vilkår av at nynorsk blir verande minst like viktig i skulen som no.

4. Nynorsk for framandkulturelle

Målet bør vere å stimulere til auka integrering av framandkulturelle i det norske samfunnet mange stader i landet. Då må det bli mogleg å tilby framandkulturelle fullverdige undervisningsopplegg i nynorsk. Dette føreset at det blir laga fleire tradisjonelle læremiddel for denne elevgruppa, og at eksisterande digitale tilbod blir utvikla vidare.

5. Den engasjerte faglæraren

Som for mange andre fag er den engasjerte faglæraren ein nøkkelfaktor også i nynorskopplæringa. Den nynorskopplæringa som lærarskulane jamt over tilbyd i dag, er ikkje god nok, og til no har mykje av nytenkinga i sidemålspedagogikken kome frå anna hald. Dei lærarane som alt er i skulen, må få meir å spele på og meir å støtte seg til i si daglege undervisning, i staden for å bli reduserte til skyteskive. Ei fleirfagleg undervisning i nynorsk stiller store lærargrupper overfor spennande, nye utfordringar.

6. Digitale uttryksformer som fellesnemnar

Vi viser til at regjeringa Bondevik meir enn noka anna regjering har integrert Internett i sine politiske reformer. Knappt nokon del av språkpolitikken er meir sektorovergripande enn denne. Vi viser til dei planane som ligg føre om å utvikle elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk, og bed om at dette blir følgt opp i statsbudsjettet for 2005. Vi strekar også under at unntaket frå kravet om språklege parallellutgaver for vanleg programvare i skulen, er gått ut på dato.

7. Den kulturelle skulesekken

Gjennom møte med kunstnarlege uttrykk på høgt nivå og nye former for kulturhistorisk formidling kombinert med elevaktivitet opnar *Den kulturelle skulesekken* no for meir impulsar utanfrå i norsk skule. Her finst det no midlar som kan brukast til å vere med og fornye undervisninga i nynorsk, både som hovudmål og som sidemål. Vi peikar mellom anna på det potensialet som ligg i omreisande tilbod som kombinerer kunst, kultur og pedagogikk.

8. Særlege tiltak 2004 – 2006

Vi strekar generelt under behovet for ei institusjonell styrking av undervisninga i nynorsk. Dette kan det ta fleire år å få til. Debatten om nynorsk i opplæringa dei siste åra må få eit handfast svar før stortingsvalet i 2005. Vi skisserer difor eit aksjonsprosjekt for tidsrommet hausten 2004 – våren 2006, og peikar på at prosjektet Elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk ligg klart til realisering.

9. Konklusjon

Der er behov for endring. Der er vilje til å gå nye vegar. Og der er krav om at endringane ikkje må svekkje nynorsk som ein jamstelt del av den språkdelte norske kulturen.

I. Politisk grunnlag

Nynorsk er ein viktig del av den kulturarven og basiskunnskapen som skal lærast i norsk skule. Kva rolle nynorsk skal ha i skulen, er ikkje først og fremst eit pedagogisk spørsmål, men dreiar seg om korleis ein vil forholde seg til det faktum at Noreg offisielt er eit tospråkleg samfunn, der variasjonane i norsk kan opplevast som eit felles eige. I spørsmålet om nynorsk i opplæringa møtest difor kultur- og skulepolitiske prinsipp.

Nynorsk i opplæringa gjeld tre område: nynorsk som hovudmål, nynorsk som sidemål og nynorsk for framandkulturelle. Dei seinare åra har mykje av debatten om nynorsk i opplæringa vore retta mot sidemålsundervisninga, men det krevst tiltak på alle dei tre nemnde områda, både når det gjeld undervisningsformer og vurderingsformer.

Kulturpolitikk i skulepolitikken

Eit av dei overordna måla for ein samla norsk språkpolitikk er å leggje til rette for at norsk språk, både bokmål og nynorsk, kan bli og bli verande fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, også i det nye informasjonssamfunnet. Dei fleste språka i verda er under eit sterkt press, samstundes som status til regionale språk er eit viktig europeisk spørsmål for tida. Regjeringa Bondevik og Stortinget har slått fast at tilnærminga mellom nynorsk og bokmål er avslutta. Grunnlaget til ein ny skulepolitikk for nynorsk i opplæringa kan kort skisserast slik:

- Det norske samfunnet kan forståast som eit samfunn med ein språkdelt norsk kultur. Dette er ein kulturell ressurs som det står respekt av internasjonalt og som vekker interesse i andre land. Det er eit privilegium å bli kjend med flest mogleg sider av den språkdelte norske kulturen.

- Nynorsk er eit mindre brukt språk enn bokmål, men er i internasjonalt og folkerettsleg perspektiv ikkje eit minoritetsspråk. Noreg har ratifisert Det europeiske charteret for regionale språk og minoritetsspråk for språket samisk, men ikkje for nynorsk, då dette er ei av to jamstelte norske målformer.
- Regjeringa strekar i kulturmeldinga under at ein samla språkpolitikk er sektorovergripande. Det inneber at i eit språkpolitisk perspektiv er skulepolitikken ein del av kulturpolitikken, og omvendt.
- Regjeringa har i kulturmeldinga lagt til grunn at det bør setjast i verk eit meir systematisk arbeid med å styrkje nynorsk skriftkultur i tiåret fram til 2013, og at dette må skje i nært samspel mellom offentlege og private interesser (s. 193).
- Kva slags politikk som blir ført for nynorsk i opplæringa, er den første prøvesteinen på kor reelt fleirkulturelt det norske samfunnet ønskjer og maktar å vere.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at den offisielle jamstillingspolitikken ligg fast slik regjeringa seinast streka under i *St.meld. nr. 9 (2001–2001) Om målbruk i offentleg teneste* og i *St. meld nr. 48 (2003–2004) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Dette må likevel ikkje bli eit argument for reformtørke. Når resten av skulen og utdanninga blir endra, må undervisninga i nynorsk – både som hovudmål og som sidemål – følgje med. Både den offentlege debatten og viljen til forsøk innanfor gjeldande regelverk syner at der et eit grunnlag for endring. Vi veit nok til å gjere nokre endringar, men vi veit ikkje nok til å gjere kva som helst.

Den nynorskpolitikken som blir fastlagd gjennom stortingshandsaminga våren 2004, bør vere så framtidsretta og samlande at den kan bli ståande i lang tid. Dermed kan alle konstruktive krefter setjast inn til det pedagogiske og praktiske arbeidet som så mange gjerne vil vere med på. Maktar regjeringa Bondevik det, vil dette hauste mykje fagnad.

Overordna skulepolitiske grep

Ein ny politikk for nynorsk i opplæringa bør vere prega av desse overordna grepa:

- Meir forskning og fleire forskingsbaserte forsøk
- Metodemangfald med systematisk erfaringsutveksling
- Meir skriftkultur i skulen
- Samarbeid mellom ulike typar skular og med abm-institusjonar
- Digitale uttrykksformer
- Institusjonell styrking

Vi veit nok til å gjere nokre val, men det er *nødvendig med både meir forskning* om nynorsk i opplæringa. Fagdidaktisk har norskfaget endra seg mykje dei siste 20–30 åra, men sidemålsopplæringa har knapt vore noko forskingsobjekt. I stor grad ligg berre fragmentert kunnskap om dette føre. Eit prosjekt frå 1997 om språkblanda lærebøker i samfunnsfag er til no det einaste større forskingsprosjektet.

Minst to mindre prosjekt er i arbeid. Høgskulen i Volda har i februar 2004 sett i gang med eit forprosjekt til eit FoU-basert forsøks- og utviklingsprosjekt om nynorsk som sidemål. Grunnlaget for prosjektet er å bruke nynorsk både i sidemålsopplæringa i norsk og i andre fag enn norsk. Ei spørjeundersøking om haldningar og praksis hos norsklærarane i Bærum er ein del av forprosjektet. Planen er å søkje Noregs forskingsråd i juni 2004 om midlar til eit større forskingsprosjekt kring dei tverrfaglege forsøksprosjekta. Også ved Høgskolen i Hedmark er det i gang eit FoU-prosjekt. Dette kartlegg undervisningsmetodikk i nynorsk som sidemål ved fire ungdomsskular i mjøsområdet, og skal finne ut i kva grad undervisninga er i samsvar med rammeplanane.

I tillegg til dei arbeida som her alt er i gang, bør det snarast lagast ei systematisk samanlikning på fagleg og vitenskapleg grunnlag av dei ulike forsøka som faktisk har vore prøvde dei siste ti-femten åra. Dette trur vi kan gjennomførast med tre-fire månadsverk til rådvelde. Ein slik rapport vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når ein i neste omgang skal fastsetje den nasjonale minimumsstandard for sidemålsundervisninga. Departementet bør difor initiere ein slik rapport no, til dømes frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Forskinga bør knytast tett til praksis. Vi treng *altså fleire forskingsbaserte forsøk*. Det ligg ikkje føre forskning som dokumenterer at elevane meistrar eitt skriftspråk betre ved at skriveopplæringa blir avgrensa til det andre språket. Derimot tyder nyare forskning på at det å vere innanfor ein fleirspråkleg situasjon aukar den generelle språkmeistringa, så sant haldningane er positive og kunnskapane om denne fleirspråklege situasjonen er der. Forsking som no kjem i gang, kan utvikle innsikter om sidemålsopplæringa som kan få konsekvensar for utforming av læreplanar og undervisningsopplegg.

Generelt blir den nye skulekvardagen prega av *metodemangfald*. Dette gjer det i seg sjølv føremålstenleg med ei *systematisk erfaringsutveksling*. Lærarar flest vil gjerne lykkast med undervisninga si. Vi kan ikkje vente at dei på eiga hand skal løyse dette. Større metodisk mangfald og mindre sentralregulering av undervisninga kan auke presset på lærarane viss det ikkje blir følgt opp med ei systematisk erfaringsutveksling som alle interesserte kan ta del i.

Å lese og å skrive høyrer til basiskompetansane i skulen. Det er ei viktig innsikt frå nyare skriftkulturell forskning at skrifta får jamt meir å seie både som kommunikasjonsform, for utvikling av tenking og kunnskap, for lagring av innsikt, utvikling av identitet. Framtidssamfunnet vil krevje meir av både kunnskapar, innsikter og ferdigheiter. Det gjer utdanninga endå viktigare, og i utdanninga kjem skrift til å bli verande ein grunnleggjande premiss. For elevane har dette den konsekvensen at dei må lære å uttrykkje seg skriftleg på svært mange måtar, alt etter situasjon, emne, mottakar. Å kunne skrive blir ein nødvendig føresetnad for å kunne vere fagleg. Å skrive blir jamt viktigare på tvers av etablerte faggrensar. Generell skrivekompetanse i norsk bør femne om å kunne bruke både nynorsk og bokmål i ulike samanhengar og i ulike sjangrar.

Svært mykje av *fornyinga av ordtilfanget* i bokmål kjem frå nynorsk. Det er nynorsk som har vore ordordlaren i moderne norsk, og den krafta som ligg i dette, kjem dermed alle norske språkbrukarar til gode. Nynorsk er ein integrert del av det norske språket og kan difor isolerast som eit særtilfelle. Ordtilfanget i nynorsk

høyrrer systematisk saman med det nordiske fleirtalsspråket svensk, og representerer dermed ein språkveg frå norsk til svensk for austlendingar. I røynda opnar nynorsk dermed både austover mot Sverige og vestover mot vesterhavsoyane.

Vi reknar med at *digitale medium og uttrykksformer* blir ein integrert del av alle nye læreplanar. I den digitale kvardagen er avstanden svært kort mellom det å lese og det å skrive. Å arbeide med tekstar blir gjerne i like stor grad å skrive som å lese dei. Dette peikar i retning av at den tida er forbi då eit fag enkelt og tydeleg kunne avgrensast som eit munnleg fag. Ut frå eit digitalt perspektiv er det viktig å framheve arbeidet med å utvikle elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk, og å lage ein Norsk språkbank, som vil ha mykje å seie for arbeidet med språkleg jamstelling, mellom anna det som gjeld språkversjonering.

At nynorsk er eit bruksspråk, kan gjerast tydeleg for elevane gjennom eit *samarbeid mellom skular og mellom skular og abm-institusjonar*. Særleg i sidemålsundervisninga er det mangel på dagsaktuelt materiell som syner korleis nynorsk faktisk blir brukt i det daglege. Her kunne skular i nynorskområde etablere eit samarbeid med skular i bokmålsområde om å skaffe dei slikt materiell – frå Rema 1000-plakatar på nynorsk til kommunale sakspapir. Også arkiv, bibliotek og museum kunne ta del i slike informasjonsnettverk. Slike former for samarbeid gjer det mogleg å kombinere ulike verkemiddel som i sum fremjar kunnskap og oppleving, frå spesiallaga temautstillingar og oppsøkjande formidlingstilbod til pedagogiske spesialopplegg.

Det finst *mange gode, eksisterande ordningar som bør utnyttast betre* i arbeidet med nynorsk i opplæringa. Den kulturelle skulesekken ber til dømes i seg eit stort potensial, men då må noko av aktiviteten integrerast sterkare pedagogisk nettopp i denne delen av skulekvardagen. Meir tidsavgrensa aksjonar som Norge 2005 og Foreningen lles er også svært verdfulle.

Trass i dette er det viktig å leggje til grunn at det er gjennom eigne institusjonar nynorsken har vunne sitt varige fotfeste. Arbeidet med nynorsk i opplæringa krev altså også ei slik *institusjonell styrking*.

2. Nynorsk som hovudmål

Mål

Gjere det lettare for elevar med nynorsk som hovudmål å halde på hovudmålet sitt gjennom vidaregåande skule og inn i høgare utdanning

Situasjonsvurdering

Både regjeringa sitt mål i kulturmeldinga om eit systematisk arbeid for å styrkje nynorsk skriftkultur i tiåret fram mot 2013, og departementets mål om å styrkje nynorsken i opplæringa, gjer at vi ikkje systematisk over tid kan neglisjere det behovet nynorskelevane har for å få ei best mogleg undervisning i sitt hovudmål.

Prosentdelen elevar med nynorsk hovudmål i grunnskulen har minka det siste tiåret frå 17 % i 1990 til 15 % i 2002. Rekna i absolutte tal er det om lag 94 000 elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen. For framtida til nynorsk skriftkultur er det viktig kor mange av desse som held fast ved hovudmålet sitt også i vaksen alder. Mange av elevane med nynorsk som hovudmål slit med dårleg språkleg sjølvtilitt. Mange av dei er for lite støe i sitt eige skriftspråk, truleg fordi bokmålet er så mykje meir brukt at dei får for lite av det nynorske i dagleglivet. Mange av dei møter også tydeleg negative haldningar til sitt eige språk, særleg når dei tek til i vidaregåande skule.

For mange nynorskelevar er truleg skulen mindre viktig når det gjeld å lære seg bokmål som sidemål. Dei har så mykje bokmål rundt seg i det daglege at dei relativt lett kan veksle mellom språkformene. I dette ligg ein potensiell fare for nynorsk skriftkultur fordi slik veksling også kan føre til at mange ikkje vender tilbake til det opphavlege hovudmålet.

Nettopp fordi nynorsk er eit mindre brukt språk, blir skulen som institusjon viktig for nynorskelevane når dei skal lære mest mogleg om sitt eige språk.

Undervisninga i nynorsk som hovudmål er ikkje god nok i dag. Det er fare for at den i ein del samanhengar er med og gjer elevane utrygge på sin eigen nynorsk.

Til no ligg det berre føre nokre avgrensa forskingsstudiar i målbyte frå nynorsk til bokmål. Kjønn og haldningar i språkblanda miljø er berre to av mange faktorar som kan vere med og forklare desse skifta. På dette punktet veit vi altså altfor lite til å gjennomføre større endringar i opplæringa i nynorsk som nynorsk. Her trengst det meir sikker og meir systematisk kunnskap på eit vitenskapleg grunnlag.

Tiltak

Elevane med nynorskbakgrunn må bli tryggare i sitt eige språk. Det blir viktig å stadfeste jamleg overfor dei at nynorsk, sjølv om det er eit mindre brukt språk enn bokmål, er det mest brukte språket i delar av landet, og at dette språket faktisk kan brukast til kva som helst.

Mange *lærarskular* kom til i si tid som eit resultat av arbeid frå nynorskmiljø. Paradoksalt nok har det likevel vore lite pedagogisk nytinking frå dei same lærarskulemiljøa når det gjeld nynorsk i opplæringa. Svært få av sidemålsforsøka frå seinare tid har kome som eit resultat av initiativ frå desse miljøa. Nynorsk i opplæringa må altså tematiserast på ein heilt annan måte i lærarutdanninga frå no av.

Ei systematisk styrking av nynorsken både i og utanfor skulen er nødvendig for at nynorskelevane skal kome meir på innsida av sitt eige språk. Her er pkt. 6 om digitale uttrykksformer nedanfor eit grunnleggjande viktig tiltak frå no av.

3. Nynorsk som sidemål

Mål

Utvikle ei fleirfagleg undervisning i nynorsk som endrar haldningar og aukar dei samla språkkunnskapane hos elevane, og som gjer det mogleg for gjennomsnittslæraren å lykkast i sidemålsundervisninga.

Situasjonsvurdering

Det ligg føre svært lite påliteleg informasjon om korleis det faktisk blir undervist i nynorsk som sidemål i dag, kor mykje tid som blir brukt, og kor tidleg i årsstega undervisninga tek til. Ei undersøking frå Bærum i 2004 syner at nokre skular tek til i 8. klasse, andre i 9., medan eit par først tek til i 10. klasse. Også i vidaregåande skule ser det ut til å variere mykje. Dei gongane emnet blir debattert offentleg, kjem det ofte utsegner frå elevar om at dei synest skulen har brukt lite tid på undervisninga i sidemål. Det inntrykket som har festna seg, er at undervisninga blir konsentrert om grammatikk, pugg og stilskrivning. I så fall er det ein påfallande mangel på moderne pedagogikk i sidemålsundervisninga. Variasjonen er altså svært stor utan at vi veit kva utslag dette gir. Slik sett kan undervisninga i nynorsk seiast å vere eit permanent forsøk.

Med støtte i ei landsomfattande undersøking frå 1997 kan vi slå fast at det store fleirtalet av bokmåselevar er negative til nynorsk. Men variasjonane er store: Berre 26 % les gjerne ei bok som er skriven på nynorsk, 35 % liker godt det dei les på nynorsk, 48 % synest nynorsk er lett å forstå, medan 64 % synest nynorsk er vanskeleg å skrive. Haldningane og synspunkta varierer også mykje med geografi og politisk standpunkt, og særleg mykje med kor mange bøker det er i heimen til elevane. Vesentlege faktorar i dette biletet ligg altså utanfor skulens domene. Det er likevel nødvendig å ta elevane sine haldningar på alvor, og møte dei med engasjement, motivasjon og kunnskap. I dette ligg også at elevane nok trur nynorsk

er vanskelegare enn det faktisk er; dei må få erfare at dei kan meir nynorsk enn dei trur, og at det å lære nynorsk er med og gjer dei betre i norsk samla sett.

Eit fag som skal vere ein del av basis i skulen, kan i lengda ikkje utvikle seg positivt viss negative haldningar dominerer. Det er særskild viktig å endre haldningar, og samstundes er dette noko av det minst handfaste og mest langsiktige. Mange lærarar treng systematisk hjelp med å bli sterkare motiverte for ei god sidemålsundervisning. Også i elevgruppene blir ein del negative haldningar traderte. Truleg må nokre offensive grep til for at denne delen av skulen skal kunne opplevast som fornya og meningsfylt.

På tvers av skiljet mellom bokmåls- og nynorskbrukarar er der no brei semje om at mykje av sidemålsundervisninga i nynorsk ikkje fungerer verken for lærarar eller elevar. Ofte får lærarar, rektor og skuleadministrasjon kritikk, men lite positiv hjelp til å forbetre sidemålsundervisninga.

Mange elevar, lærarar og foreldre meiner skriftleg og obligatorisk undervisning i nynorsk sidemål, særleg skriftleg, er unyttig, at den tek fokus og tid vekk frå undervisninga i bokmål og at alt dette er med og skaper negative haldningar til nynorsk. Eit vanleg synspunkt er at målet om gode norskkunnskapar, positiv haldning til og kunnskap om nynorsk kan oppfyllest med berre munnleg og eventuelt friviljug undervisning. I dei norskfaglege forskingsmiljøa og blant språkforskarar er det lite støtte å finne for denne oppfatninga. Også i bokmålsområde finst det både elevar, lærarar og foreldre som ser positivt på undervisninga.

Samstundes kan vi slå fast at det finst skular, skuleleiarar og lærarar som får det til. Grunnane til dette har til no vore lite kartlagde og drøfta. Er det fordi elevgruppene er så ulike? Lite sannsynleg. Er vellykka sidemålsundervisning avhengig av spesiell kompetanse og motivasjon hos lærarane, rektor og skuleadministrasjonen? Truleg. Dette er eit av dei sentrale spørsmåla i det vidare arbeidet med sidemålsundervisninga.

Det finst ikkje noko vitenskapleg grunnlag for å hevde at a) sidemålsundervisninga i dag går ut over den allmenne kunnskapen i norsk, b) norske elevar skriv dårlegare enn før, eller c) norske elevar skriv dårlegare enn i andre land. Forskingsprosjektet "Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig" har vurdert over 3300 eksamenssvar frå 10. klasse i åra 1998–2001. I rapporten frå november 2003 heiter det mellom anna at "selv de svakeste blant elevene har hatt tydelig utbytte av opplæringen". Viss det er tilfelle, skulle det vere ein enkel hypotese at betre sidemålsundervisning ville styrkje den allmenne skriftlege språkkompetansen hos elevane.

Ut frå ei forståing av at nynorsk er ein skriftkultur, altså både ein skriftradisjon og ein kulturell tradisjon, er for mykje av sidemålsundervisninga blitt isolert til norskfaget, ofte også redusert til meir eller mindre mekanisk terping av grammatikk og språkssystem, som om nynorsk er eit framandspråk. Gjeldande læreplanar gir eit stort handlingsrom, men dette er i svært liten grad blitt utnytta til å fornye og forbetre undervisninga i nynorsk som sidemål. Ein del av dei forsøka som trass alt har vore gjennomførte, har hatt preg av å prøve ut måtar å løyse det såkalla nynorskproblemet på, i den forstand at ein vil minimalisere problemet ved å gå bort frå skriftleg undervisning, fortette undervisninga med framskoten eksamen, eller vurdere utan karakterar.

Det kan gi betre resultat å satse offensivt og leggje til grunn at den norske tospråkssituasjonen ber i seg eit samla potensial til å styrkje skrivekompetansen til elevane.

Tiltak

På den idékonferansen "Betre sidemålsundervisning" som Nynorsk kultursentrum arrangerte vinteren 2002, framheva deltakarane særleg tre faktorar som har mykje å seie:

1. organisering av undervisninga, særleg bruk av nynorsk i andre fag og i skuleadministrasjonen

2. meir kontakt med nynorsk i ulike samanhengar
3. auka kompetanse hos lærarane

Vi bør ikkje betrevitande rette tiltak einsidig mot lærarane sin kompetanse, men heller ta fatt i meir overordna og mindre individuelle faktorar som organisering av undervisninga og korleis elevane (og lærarane) kan få meir kontakt med nynorsk i ulike samanhengar.

Det gjeld å gjere tiltaka så enkle som råd er, gi elevane eit første positivt møte med nynorsk og ufarleggjere nynorsken for dei. Utvegane er legio:

Få fram dei gode føredøma. Eit berande prinsipp i dag, særleg i EU og OECD, er å løfte fram dei gode døma ("good/best practice"), ikkje for å påleggje eller vedta nye regelverk, men for å vise fram kva dei gjer, dei som lukkast på bestemte område.

Overføre erfaringar til dei som gjerne vil frå dei som får det til. Prinsippet er å lære frå dei som har gjort gode erfaringar, slik at ikkje alle må gjere same feila, men heller kan kome raskare til målet. Dette må overførast til sidemålsundervisninga i nynorsk: Vi må lære av dei som får det til. Det inneber å ta det beste frå desse og vise det fram som gode døme som andre lærarar, rektorar og skuleadministrasjonar kan lære av.

Metodemangfald med rom for lokale tilpassingar. Lærarane bør ikkje få eit ferdig opplegg tredd ned over øyro, men kunne tilpasse dette til sin skule. Skulepolitikken i framtida bør byggje på eit mangfald av metodar. Enkeltskular må i stor grad ha høve til å velje dei undervisningsmetodane dei meiner høver best ut frå deira faglege føresetnader og ut frå det elevgrunnet dei har. Det er nødvendig å stimulere systematisk til eit større metodemangfald i undervisninga i nynorsk som sidemål. Alt i dag har skulane stor handlefridom i form av forsøk som ligg innanfor regelverket, men kunnskapen om kva dette kan inne bere i praksis, er varierende. Undervisninga kan til dømes vere konsentrert i den forstand at i ein periode skriv ein klasse alle tekstane sine på nynorsk, ved sida av at dei elles også øver på nynorsk.

Ta til med dei som er litt positivt innstilte. Vi må stole på lærarane og rektorane sin gode vilje, og ikkje mistenkeleggjere dei. Dei fleste i skulen vil gjerne gjere ein god eller best mogleg jobb. I første omgang gjeld det å ta til med dei litt positive, ikkje dei mest negative. Di fleire som så blir positive, di vanskelegare blir det også å bli verande negativ.

Stimulere til *endringar både innanfor norskfaget og med undervisning på nynorsk i andre fag.* Ei endra organisering av undervisninga er ikkje ei nysatsing i seg sjølv, men tiltaket må følgjast opp systematisk for at det skal få store ringverknader. Emnet blei første gongen drøfta grundig på idékonferansen "Betre sidemålsundervisning" for to år sidan. Vi kan skilje mellom to modellar for undervisning på nynorsk utanfor norskfaget:

- Den avgrensa modellen kan kallast *Åndalsnes-modellen* og går ut på at alle skriftlege læremiddel i eit anna fag enn norsk er på nynorsk. I skuleåret 2002/2003 gjennomførte Åndalsnes ungdomsskule i Rauma eit forsøk der alle elevane i ein 9. klasse med bokmål som hovudmål nytta berre læremiddel på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Målet var å finne ut om dette auka ferdigheitene i nynorsk, endra haldningar til nynorsk og skriftkultur meir generelt. Resultata var så positive at alle klassane på alle klassesteg praktiserer denne ordninga i skuleåret 2003/2004. I skuleåret 2003/2004 blir Åndalsnes-modellen nytta i seks andre skular i fem fylke, både ungdomsskular og vidaregåande skular: Tromsdalen vgs i Tromsø, Skjerstad oppvekstsenter i Skjerstad, Sunndal ungdomsskole i Sunndal, Kolvikbakken ungdomsskole i Ålesund, Askøy vgs i Bergen og Holmlia skole i Oslo. I stor grad har dette kome til etter initiativ frå Noregs Mållag, som no melder at for skuleåret 2004/2005 har over tjue skular meldt interesse for å bruke Åndalsnes-modellen.
- Den utvida modellen kan kallast *Ringstabekk-modellen* og går ut på at nynorsk blir brukt i fleire fag, også administrativt, t.d. i rundskriv til foreldra, for på denne måten å allminneleggjere nynorsken som språk. Ringstabekk ungdomsskole i Bærum har i fleire år praktisert ei slik sidemålsundervisning som kryssar

faggrensene. Målet deira er at elevane i 10. klasse skal spørje aktivt om ulike prosjektoppgåver m.m. skal vere på nynorsk eller bokmål. I skuleåret 2003/2004 blir denne modellen nytta i alle ungdomsskulane i Bærum. Som ein del av dette blir det arrangert tre dagssamlingar for norsklærarane frå alle ungdomsskulane i 2004, eit eige etterutdanningskurs i nynorsk for dei som ønskjer det. Det vil også bli laga ein Internett-basert idé- og ressursdatabase som blir publisert på nettstaden til Bærum kommune primo mars 2004.

Faren er til stades for at nynorsk blir integrert vekk, så sant slike undervisningsopplegg ikkje tek høgd for å hindre nettopp det. Så langt ser det ikkje ut til at dette har vore noko problem ved dei nemnde skulane.

Det følgjer av begge desse modellane at *lærarar i andre fag enn norsk kan bli stilte overfor nye og uventa utfordringar*. Mange av dei har avgrensa instrumentelle kunnskapar om nynorsk. Ulike former for etterutdanning kan rette på noko av dette. Viktigare vil det likevel vere å etablere gode samarbeidsformer mellom norsklærarar og andre faglærarar. Å leggje meir vekt på skriving og å leggje meir vekt på bruk av nynorsk i andre fag enn norsk er begge faktorar som kan fremje fleirfagleg samarbeid mellom ulike lærarar. Slik kan ei fornya sidemålsundervisning stimulere ei ønskt utvikling i skulen.

Begge dei nemnde modellane utløyser behov for midlar til å kjøpe *ekstra klassesett av nødvendige læremiddel*. Fleire av dei forsøka som er nemnde ovanfor, er på dette punktet blitt finansierte av Noregs Mållag.

Den ordninga med *språkblanda læremiddel* som blei prøvd i 1980-åra og eit stykke inn i 1990-åra, kom etter kvart i miskreditt. Slike læremiddel med annakvart kapittel på bokmål og annakvart kapittel på nynorsk har sine uheldige sider. Særleg for enkelte grupper av svake elevar kan dette by på vanskar. Fordelane er likevel større. Ved at lærebøker inneheld begge målformene, blir mange elevar som har lite nynorsk rundt seg i kvardagen, vane med å lese nynorsk sakprosa før dei sjølve skal skrive sakprosatekstar på nynorsk. I vidaregåande skule bør slike språkblanda

læremiddel bli det normale. Det er også ønskeleg at slike læremiddel blir brukte også i grunnskulen, til dømes frå 4. klasse.

For sidemålelevane må det bli *ein vane å lese nynorsk*. Det er ein av fleire nødvendige føresetnader for å bli nokolunde fortruleg med det å skrive nynorsk. I den grad ulike former for skriving blir ein aukande del av skulearbeidet til elevane, blir det også viktig at elevane skal *skrive tekstar på nynorsk i ulike sjangrar*, særleg ulike typar bruksretta sakprosasjangrar. Både i skriving og i arbeidet med kjelder vil tilgang til elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk vere ein stor fordel for elevar med nynorsk som sidemål (sjå pkt. 6 nedanfor). Resultatet av dette er at ein lærer nynorsk både ved å lese og skrive nynorsk i ulike sjangrar.

Norsk språk har endra seg mykje dei siste tiåra. Særleg *ordtilfanget* er sterkt endra, og truleg vesentleg meir i nynorsk enn i bokmål. Dette gjer at ein del av litteraturen som blir nytta i skulen, blir for gammaldags. Sidemålelevane skal ikkje berre forholde seg til den andre av dei to norske målformene, men også langt på veg til eldre former av denne andre målforma. Avstanden mellom sidemåleleven og det sidemålet vedkomande skal bli fortruleg med, må altså reduserast. Dette krev eit dynamisk pensum og eit større utval av samtidslitteratur i ulike sjangrar. I den store leseundersøkinga blant tiåringar som blei avslutta i 2003, blei det mellom anna nytta ein tekst på nynorsk frå Thorbjørn Egners leseverk. Teksten inneheldt såpass mange gamle ord at sjølv for dagens tiåringar i nynorskstrøk blei teksten vanskeleg å forstå. Mest truleg var dette ein av dei mange tekstane som Halldis Moren Vesaas omsette for Egner. At ein tekst av henne, som var så moderne i sitt språk, alt er for gammal, seier mykje om kor raskt språket har utvikla seg.

Skriftleg og obligatorisk, men andre vurderingsformer enn eksamen

Vi legg særleg vekt på desse argumenta for at nynorsk som eitt av to offisielle norske språk skal utgjere ein del av det skriftlege og obligatoriske i norskfaget:

- Kunnskap om norsk morsmål, både historisk og i samtida, må knytast til skriftleg praksis

- Å oppheve det obligatoriske ville vere eit kulturpolitisk overgrep frå fleirtalet mot eit mindretal
- Eit språkdelt samfunn føreset opplæring i bruk av språket
- Dei to skriftspråka stør kvarandre når det gjeld å meistre norsk allment

Det viktige er kva elevane lærer om nynorsk skriftkultur og på nynorsk som sidemål dei åra skulen har eit grunnleggjande ansvar for språkopplæringa.

Det blir vanskeleg å nå måla i den overordna politikken om å styrkje nynorsk skriftkultur viss nynorsk ikkje lenger skal vere eit *skriftleg* fag. Fleire hovudtrekk ved den skulepolitikken kvalitetsutvalet tek til orde for, peikar i retning av at det vil vere føremålstenleg at nynorsk blir verande eit skriftleg fag både i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Nynorsk er ein del av det norske morsmålet, og for å kunne forstå eit morsmål, må ein kunne skrive det. Her bør det vere ope for forsøk med undervisning i nynorsk som sidemål tidlegare enn tilfellet er i dag, og at det i slike forsøk kan vere høve til å avgrense undervisninga til lesing og munnleg bruk i denne tidlege fasen. Mykje av debatten gjeld i dag vidaregåande skule. Allmenn pedagogisk røynsle tilseier at det kunne ha meir for seg å satse meir på skriveopplæring i barne- og ungdomsskulen enn på språkleg reparasjon i vidaregåande.

Prinsippet om nynorsk som eit *obligatorisk* fag er blitt møtt med ein del unntak i seinare tid. Store og veksande grupper av framandkulturelle elevar har fritak, det same gjeld ein del elevar med lese- og skrivevanskar. Måla for integrering av fleire framandkulturelle tilseier at unntaka for desse bør vurderast på nytt. Barn med norskfødd bakgrunn bør møte dei same krava, uavhengig av foreldra sin etnisitet.

Eksamen som vurderingsform er på veg ut. I den grad eksamensformene elles endrar seg, får dette følgjer for den hevdvunne politikken om eigen eksamen i nynorsk sidemål, med eigen karakter. Vurderingsformene er viktige for den posisjonen eit fag har i skulen. Viss skulen i framtida blir mindre eksamensorientert enn til no, bør det også få følgjer for nynorskeksamen. Det er det elevane lærer og

opplever kring nynorsk undervegs i alle skuleåra sine som er viktig, ikkje kva måte denne kunnskapen blir prøvd på. Med ei systematisk satsing på fornya sidemålsundervisning i skriftleg og obligatorisk form kan det over tid vere forsvarleg å oppheve ordninga med eigen skriftleg skuleeksamen. Det kan kanskje også vere forsvarleg å vurdere om kompetansen i sidemålet skal utgjere ein del av ein samla karakter i norsk, men det må i så fall vurderast i høve til det som blir gjort med karakterar i andre fag.

Nynorsk bør altså vere eit skriftleg og obligatorisk fag i norsk skule også i framtida, men med andre vurderingsformer enn ein vanleg eksamen, på vilkår av nynorsk blir verande minst like viktig i skulen som det har vore.

4. Nynorsk for framandkulturelle

Mål

Stimulere til auka integrering av framandkulturelle i det norske samfunnet mange stader i landet.

Situasjonsanalyse

Undervisning av framandkulturelle byggjer på to linjer, A og B: A-linja er for dei som har fullført utdanning i heimlandet svarande til norsk grunnskule, medan B-linja er for dei som har lita eller inga utdanning. Begge linjene skal resultere i same munnlege kompetanse, medan skilnaden i krav til skriftleg kompetanse er stor mellom A og B.

Kvart år tek over 2000 framandkulturelle til på norskkurs i nynorskkommunar. Eit mindretal av desse får opplæringa si på nynorsk. Dei framandkulturelle skal integrerast i samfunn der administrasjonsspråket er nynorsk, der dei fleste lærarane er nynorskbrukarar, og der foreldre må kunne hjelpa barna sine med skuleleksene der det trengst. Situasjonen er prega av at fleire elevar og vaksne blant innvandrarane no ønskjer opplæring på nynorsk. Slik den statlege politikken blir ført no, produserer ein jamt over bokmålsbrukarar blant dei framandkulturelle.

Her er det største problemet at det manglar mange nok og gode læremiddel. Dei motiverte lærarane finst derimot, om ikkje i store mengder, men dei fleste av dei har lite erfaringsmateriale dei kan leggje til grunn. På bokmål kan framandkulturelle velje mellom fleire og gode læremiddelpakkar med mykje tilleggsstoff. Det einaste tilbodet i nynorsk er det Internett-baserte tilbodet *Nynorsk+*, finansiert av Læringscenteret som eit svært verdfullt pionerprosjekt. Nynorsk+ er godt tilrettelagt, men som manglar lærarretteiingar, omfattande ordlister (helst om lag 10 000 oppslagsord) og bruksmåtar i klasseromsituasjonen.

Framandkulturelle er heller ikkje utan vidare den gruppa av elevar som har mest tilgang til Internett i fritida. Resultatet er at ein del lærarar no sit kvar for seg og tilpassar undervisningsmaterieil på eiga hand, utan samordning og systematisk erfaringsutveksling. Her trengst det altså også tradisjonelle læreverk for framandspråklege på nynorsk.

Høgare utdanning for framandkulturelle er i dag svært bokmålsdominert. Den såkalla Bergenstesten som framandkulturelle må passere for å få godkjent utdanning på høgare nivå, finst berre på bokmål. Testen femner om både det å lytte, lese, snakke og skrive. Tre gonger i året blir det laga nye oppgåver til testen. Det burde vere kurant å utarbeide alt dette både på nynorsk og bokmål. Testen blir administrert av Universitetet i Bergen, som til no har avvist ønske om nynorskversjon fordi dei meiner dei manglar midlar til dette.

Det overordna sosialpolitiske perspektivet er dette: Det har vore ein tendens til at mindre kommunar, med nynorsk som dominerande språk, ikkje har klart å halde på framandkulturelle, anten dei no er asylsøkjjarar eller innvandrarakar, i nærmiljøet sitt. Mange flyttar til dei større byane. Éin grunn er at dei framandkulturelle søker til sine eigne. Ein annan grunn er at dei får så lite opplæring i nynorsk at dei får vanskar med å fungere i ein kvardag der nynorsk er det dominerande bruksspråket. Nynorsk kultursentrum tok opp ein del slike overordna spørsmål i direktørens årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur hausten 2002.

Tiltak

Også denne delen av emnet nynorsk i opplæringa er sektorovergripande ved at det deler seg mellom KAD og UFD.

Dei framandkulturelle skal kort sagt bli vanlege borgarakar i eit norsk samfunn som er prega av ein språkdelt norsk kultur. Når nynorsk er eit språk som er gyldig for heile landet, og mobiliteten er slik at mange i dag – verken nordmenn eller

framandkulturelle – veit kvar dei bur om fem år, blir det viktig å utvikle gode opplæringstilbod på nynorsk for framandkulturelle.

Vi vil at også framandkulturelle innbyggjarar skal fungere i sine lokalsamfunn. Då må dei ha eit samfunn som fungerer i denne kvardagen. Dagens opplæringsformer for framandkulturelle fungerer svært dårleg i dei nynorske kjerneområda. For at fleire framandkulturelle skal kunne integrerast i det norske samfunnet utanfor dei store innvandarmiljøa i nokre byar, må opplæringa i nynorsk styrkjast vesentleg.

I det norske samfunnet står dialektane uvanleg sterkt samanlikna med mange andre språksamfunn. For nordmenn med norsk bakgrunn er dette ikkje noko problem, men det kan dialektmangfaldet vere for framandkulturelle. I nynorske kjerneområde må dei forholde seg til både nynorsk, dialekt og bokmål. Opplæringa for desse ser ut til å bli betre viss opplæringsspråket ligg nærmare talemålet i området.

Det må etablerast som eit prinsipp at det skal finnast godt og variert læremiddeltilbod på nynorsk for framandkulturelle, og at dette dekkjer heile utdanningsløpet. Så må dette prinsippet realiserast i handfaste former. Minstekravet til ei tilfredsstillande undervisning i nynorsk for framandkulturelle er fleire komplette læreverk å velje mellom både på A- og B-nivå, med lærarrettleiingar, grammatikkar for både elevar og lærarar, ordlister m.m. som gir rom for nødvendig differensiering. Desse gruppene treng også relevant tilleggsmateriale i form av tekstar og lesestoff som dei kan bruke i fritida, og stoff som er lagt til rette nettopp for dei.

Kanskje meir enn elles i nynorskopplæringa er det *lærarane* som er nøkkelen til ein god skulepolitikk på dette punktet. Miljøa er førebels små og spreidde, og erfaringane til dels sparsommelege. Her trengst difor systematisk erfaringsutveksling og utvikling av gode, føremålstenlege nettverk. I den grad det blir utvikla nye pedagogiske grunntankar om det å undervise framandkulturelle, må dette også bli tilgjengeleg for lærarmiljøa.

Vi er i villreie om kva som vil vere rett politikk overfor dei framandkulturelle. Behovet for integrering tilseier at dagens unntaksordningar blir justerte ganske kraftig, slik vi tek til orde for i pkt. 3 ovanfor. Respekten for deira ulike føresetnader tilseier at ein del unntak framleis vil vere rimelege. Etter som så store grupper framandkulturelle er blitt fritekne for undervisning i sidemål, og mangelen på tilpassa læremiddel er så stor, er det truleg på dette området behovet for integrerande forsøk er størst.

5. Den engasjerte faglæraren

Som for mange andre fag er *den engasjerte faglæraren* ein nøkkelfaktor for god nynorskopplæring i skulen. Særleg røyner det på for sidemålsundervisninga, men også i undervisninga i nynorsk som hovudmål trengst det fornya pedagogisk tenking. I sidemålsundervisninga er haldningane eit problem, og på godt og vondt kan haldningane til lærarane smitte over på elevane. Her som elles i skulen krevst kompetanse, kunnskap og kvalitet.

Lærarutdanning på nye vegar

Det trengst radikale tiltak for *betre nynorskopplæring i lærarutdanninga*. Få, om nokon, lærarskular har tematisert dette i si undervisning. Dels har det nærmast vore eit språkpolitisk tabu å gjere det, dels har forståinga for dei faktiske problema vore mangelfull. Difor er det symptomatisk at ganske mykje av den positive nytenkinga til dømes i sidemålsundervisninga lenge kom frå aktive lærarmiljø, ikkje frå lærarutdanninga. No er dette i ferd med å jamne seg ut.

Vidareutvikling av lærarar som alt er i skulen

Det er som nemnt ovanfor svært mykje vi veit lite om når det gjeld undervisninga i nynorsk. Politisk må vi leggje til grunn at dei fleste lærarane er pliktoppfyllande og prøver å gjere sitt beste, men at rammevilkåra ikkje er gode nok for dei og at sidemålet ikkje er blitt prioritert. Det store fleirtalet av lærarar må altså få meir å spele på og meir å støtte seg til i undervisninga i nynorsk.

Ein ny sidemålspolitikk vil stille nye krav til svært mange av dei lærarane som alt er i skulen. Frå hausten 2004 set Høgskulen i Volda i gang eit nettbasert tilbod i nynorsk sidemål. Den idébasen som lærarane i Bærum utviklar, kan bli eit anna verdfullt tilskot.

Mange lærarar som underviser i nynorsk i vidaregåande skule, har ingen spesiell didaktisk kompetanse for å gjere dette. Nokre av dei tiltaka som no blir sette i verk, må difor vere retta spesielt mot denne store lærargruppa.

Ute frå skulen blir det meldt at det trengst ei sterkare fagopplæring av lærarar både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Særleg gjeld dette emna språkhistorie, dialektar generelt, lokal dialekt i høve til nynorsk, valfridommen i nynorsk og i bokmål – eit forsømt tema, og forholdet mellom språk og makt.

Den undervisningspolitikken vi tek til orde for, stiller lærarar i andre fag enn norsk overfor nye utfordringar. Dei må i systematiske former få tilbod som best mogleg kan dekkje behovet deira for fagleg oppdatering ut frå nynorsk terminologi m.m.

6. Digitale uttrykksformer som fagleg fellesnemnar

Regjeringa Bondevik har meir enn noka tidlegare regjering gjort Internett til ein integrert del av kvardagen på mange område. Så langt har likevel innhaldssida av saka ofte kome i skuggen for dei teknologiske utfordringane. Emnet er så sterkt sektorovergripande at det femner om mange departement. Handlingsplanar av typen *eNorge 2005* frå Nærings- og handelsdepartementet er berre eitt av mange døme på dette.

Elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk

I *Budsjett-innst.S.nr.12 (2003-2004)* heiter det i kap. 202 Statlig utdanningsadministrasjon:

Flertallet [H, KrF, V, SP, SV, Ap] vil peke på det ansvar staten har for å sikre likeverdige læringsvilkår i en tid der digitale læremiddel stadig blir viktigere og der det satses bevisst på å utvikle lærestoff på Internett. Det er viktig at også nynorskbrukere har tilgang på kvalitetssikrede kunnskapskilder i elektronisk form.

Regjeringa slår i kulturmeldinga fast at det er behov for å intensivere innsatsen i arbeidet med å sikre språkleg jamstelling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologien, og at det i denne samanhengen er rimeleg med positiv diskriminering av nynorsk. I ein kvardag der jamt meir av fagstoffet blir henta frå elektroniske kunnskapskjelder, ikkje minst på Internett, skaper det aukande problem for nynorskbrukarane at svært mykje av det tilgjengelege stoffet berre finst på bokmål. Når nynorskbrukarar skal finne opplysningar på nettet, kan dei heller ikkje nytte nynorskord og få fram stoff då søkesystema ikkje er tilrettelagt for søk på nynorsk.

Ein viktig føresetnad for at nynorsk skriftkultur skal kunne haldast i hevd og for at vi skal kunne halde oppe to likeverdige språk i Noreg, er at vi får meir elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk. Regjeringa løftar i kulturmeldinga fram planane om ein elektronisk kunnskapsbase på nynorsk. Dette vil vere eit av dei viktigaste verkemidla for å sikre språkleg jamstelling og nynorsk som allment bruksspråk i framtida og er såleis av uvurderleg kultur- og utdanningspolitisk verdi.

Difor må det fastsetjast ein tidsplan for etableringa av ein elektronisk kunnskapsbase på nynorsk. Stortinget må leggje dei økonomiske rammene for statleg medverknad til etableringa av slikt elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk. I det programmet for digital kompetanse som UFD har lagt fram, er det eit mål at det skal finnast eit rikhaldig tilbod på digitale læringsressursar av høg kvalitet innan 2008. Med den premissgivande rolla som digitale læringsressursar vil få i undervisninga, må også ein fullt utvikla elektronisk kunnskapsbase på nynorsk vere bygd ut innan den tid.

Vi viser til ei utgreiing som Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum fekk laga i 2002, og som konkluderer med eit tilskotsbehov på 11,3 mill kr for ei grunnetablering og 20 mill kr for å realisere ein fullt utbygd elektronisk kunnskapsbase på nynorsk. Staten har eit hovudansvar for å sikre språkleg jamstelling og likeverdige læringsvilkår på tvers av målform, og må også ta eit økonomisk hovudansvar for at ein elektronisk kunnskapsbase på nynorsk blir realisert. Søknad om tilskot blei sendt til Kultur- og kyrkjedepartementet juni 2003.

Slik det er no, må elevar med nynorsk som hovudmål nesten alltid tenkje bokmål for å finne relevant stoff på nynorsk på Internett. Når dei då i mange tilfelle finn lite stoff på nynorsk om det dei er ute etter, blir resultatet auka press mot deira eige språk og ei stadfesting av kjensla om at dette språket ikkje er godt nok når det er så lite brukt.

Vi vil streke under at dette tiltaket har stor bruksverdi også for elevar med bokmål som hovudmål. Ved at dei kan finne oppdatert stoff på alle fagområde på nynorsk, vil dei også lettare kome på innsida av denne språklege tradisjonen.

Regjeringa bør difor kome tilbake til denne saka i framlegget til statsbudsjett for 2005.

Nettpublikasjonar

Det finst alt nettpublikasjonar som med sine avgrensa ressursar gjer moderne barne- og ungdomskultur tilgjengeleg og interessant for skulane. Særleg vil vi nemne *Magasinett*. Dette elektroniske tidsskriftet legg vekt på nyhende, artiklar og kommentarstoff, og det blir oppdatert annakvar veke utanom sommarferien. *Magasinett* kom på nettet med første utgåva i oktober 1996, og var i førstninga eit tilbod til ungdom frå Noregs Mållag. Seinare er tiltaket omforma til ei frittstående stifting, og no er det Norsk Plan som har ansvaret for drifta.

Administrativ programvare og elektroniske læremiddel

I forskriftene til opplæringslova er det gjort eit unntak frå kravet om språklege parallellutgåver for administrativ programvare. I ei utgreiing frå sommaren 2001 rådde Læringssenteret til at dette unntaket blei oppheva gradvis seinast 1. august 2003. På førespurnad frå UFD la Det Norske Samlaget fram ei tilleggsutgreiing om dette i juli 2003. Tilrådinga frå den breitt samansette arbeidsgruppa til Samlaget konkluderte med at unntaket burde opphevast frå 1. august 2004.

Det er viktig at programvare som skal kjøpast inn av offentleg forvaltning, ligg føre på både bokmål og nynorsk. Hausten 2003 kom det nynorskversjonar av to ulike programsystem, det Linux-baserte Open Office og det Windows-baserte Microsoft Office. Utan meirkostnader for staten ligg det dermed føre ein reell valsituasjon. Å oppheve unntaket blir difor ikkje lenger ei rein papirhandling. Unntaket i opplæringslova frå kravet om parallellversjonar av administrativ programvare bør difor opphevast.

Like viktig er det å sjå til at føresegnene i opplæringslova om språklege parallellutgåver av elektroniske læremiddel blir oppfylt i praksis, eventuelt slik at ein ut frå prinsippet om språkveksling syter for at nokre basistilbod berre finst på

nynorsk, andre berre på bokmål. Det må også gjerast ein del endringar i lover og forskrifter som kan sikre at nynorsk og bokmål blir jamstilte i elektroniske søkjesystem og brukarretteiingar, og som grensesnittspråk.

Ein norsk språkbank

Betre tilgjengeleggjing av norske språkressursar digitalt er eitt viktig hjelpemiddel for å nå dei måla dette notatet siktar mot. Ei større utgreiing frå 2002, finansiert av NHD og KKD og prosjektstyrt av Norsk språkråd, føreslår å gjennomføre ei systematisk samling av norske språkressursar i ein språkbank. Dette vil gi store fordelar for næringslivet som skal satse på innovasjon innanfor språkteknologi feltet. Skulepolitisk sett er det også viktig at ein slik språkbank kan sikre mykje betre kvalitet på taleteknologiprogram, omsetjingsprogram, språkversjoneringsprogram og anna programvare som opplagt er viktige for skulen. UFD har så langt vore lite inne i dette arbeidet. Det kan sjå ut til at her trengst det ei større og betre samordning mellom fleire departement enn NHD og KKD.

7. Den kulturelle skulesekken

Gjennom møte med kunstnarlege uttrykk på høgt nivå og nye former for kulturhistorisk formidling kombinert med elevaktivitet opnar *Den kulturelle skulesekken* no for meir impulsar utanfrå i norsk skule. UFD drøfta dette i *St.meld. nr. 39 (2002–2003) "Ei blot til Lyst"* og framheva mellom anna at der er eit stort potensial i å utvikle meir dialogbaserte formidlingsmetodar. At Skulesekken også kan innebere ei positiv språkleg tilnærming, bl.a. til sidemålsundervisninga, blei ikkje teke opp. Her finst det no midlar som kan brukast til å vere med og fornye undervisninga i nynorsk, både som hovudmål og som sidemål.

Omreisande tilbod

Målrørsla har ein viss tradisjon for oppsøkjande verksemd på skulane. Til dømes har Norsk Målungdom i mange år drive med det dei kallar målferder. Den faglege kompetansen har vore varierende, men i mange tilfelle har likevel responsen vore positiv. Det vitnar om at mange skular er opne for gode tilbod utanfrå når det gjeld sidemålsundervisninga.

Det finst miljø som ønskjer å utvikle nye slike tilbod, eller som alt er i gang med å gjere det. I samarbeid med Norge 2005 vil såleis Nynorsk kultursentrum frå hausten 2004 i Møre og Romsdal prøve ut eit omreisande tilbod kalla "Det undrande språket". Alle kan ikkje reise til Aasen-tunet; difor reiser Aasen-tunet ut. Innhaldet i tilbodet skal utviklast i nær kontakt med dei som skal ta mot tilbodet. Dette inneber også at dei som reiser rundt, skal vere unge nok til å stå elevane nær. Vi legg stor vekt på at tilbodet skal kunne brukast i fleire fag enn norsk. Både av pedagogiske og av faglege grunnar vil vi difor utvikle to grunnmodellar. Nynorskelevane treng å bli stolte over skriftspråket sitt, medan bokmåselevane treng kunnskap og opplevingar som fører med seg toleranse og respekt. Difor blir

dette eitt av mange bidrag til å fornye sidemålsundervisninga, utan at det skal fungere som eit forenklande nynorskalibi. Vi legg til grunn eit firedeelt opplegg:

- ein språkkoffert med eit variert innhald som blir brukt i det førebuande arbeidet i klassane, som ei språkleg forundringspakke,
- temautstillinga "Dei mange røystene", som i eit avgrensa og elevtilpassa format tematiserer det språklege mangfaldet og verdien av dette,
- 2-3 timars besøk i enkeltklassar av omreisande formidlarar – mest truleg reiser ein forfattar og ein profesjonell formidlar med pedagogisk bakgrunn saman,
- oppfølging på nettstaden www.aasentunet.no for elevaktivitetar.

8. Særlege tiltak 2004 – 2006

Dette notatet er i beste fall ein del av første fase fram mot ei eventuell sterkare institusjonell satsing på nynorsk i opplæringa. Det kan ta eit år eller to før ei slik institusjonell styrking er i ordinær drift. Det er for lenge å vente. Debatten om nynorsk i opplæringa dei siste åra må få eit handfast svar før stortingsvalet i 2005. Difor bør UFD saman med det nye Utdanningsdirektoratet setje i verk målretta tiltak alt no, og i samarbeid med andre departement.

Aksjonsprosjekt

Vi gjer framlegg om at det blir gjennomført eit aksjonsprosjekt frå hausten 2004 til våren 2006, som så blir ein del av grunnlaget for det nye kompetansesenteret. Dette aksjonsprosjektet bør konsentrere seg om:

- Lage gode system og samhandlingsformer for erfaringsutveksling frå moderne sidemålsundervisning
- Utarbeide ei kokebok for slik undervisning, for å få fram metodemangfaldet og så vel det faglege som det didaktiske potensialet.
- Utvikle nettverk mellom ein del utvalde skular med nynorsk som hovudmål og nynorsk som sidemål, og mellom skular og abm-institusjonar.

Nokon må halde i trådane i eit slikt prosjekt. Nynorsk kultursentrum er viljug til å ta på seg arbeidet med å etablere og gjennomføre prosjektet, men vil vere avhengig av løyvingar utanfrå. Det bør opprettast ei prosjektstilling i 100 % stilling i to år.

Elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk

Dette tiltaket er omtalt under pkt. 6 ovanfor, og kan setjast i verk uavhengig av større prosjektplanar.

9. Konklusjon

Der er behov for endring. Der er vilje til å gå nye vegar. Og der er krav om at endringane ikkje må svekkje nynorsk som ein jamstelt del av den språkdelt norske kulturen.

Kjelder

Munnlege

E-postutveksling eller samtalar med mellom andre Ingar Arnøy og Endre Brunstad (Noregs Mållag), Kjell Lars Berge (Universitetet i Oslo), Jan Magne Dahle (leiar LNK), Lindis Eliassen (Sunnmøre folkehøgskule), Martin Endresen (Herøy vaksenopplæring), Jan Olav Fretland (Høgskulen i Sogn og Fjordane), Ivar Hagen (Møre folkehøgskule), Siri Hangeland (Greveskogen vgs, Tønsberg), Audun Heskestad (Det Norske Samlaget), Vidar Høviskeland (LNK), Anne Steinsvik Nordal (Høgskulen i Volda), Bjørg Sandal (Gloppen Opplæringscenter), Einar Schibevaag (Norsk Plan), Tormod Stauri (Høgskolen i Hedmark), Knut Åge Teigen (Ringstabekk skole, Bærum), Erling Aaslid (Hareid vaksenopplæring), Mali Åm (Sunnmøre folkehøgskule).

Drøftingar i leiargruppa, på stabsmøte og i styret i Nynorsk kultursentrum, og på medlemsmøte i Nynorsk Forum.

Foredrag og drøftingar på idékonferansen "Betre sidemålsundervisning", arrangert av Nynorsk kultursentrum i samarbeid med Læringscenteret i Ivar Aasentunet februar 2002.

Drøfting med politisk leiing og representantar for embetsverket i UFD i Oslo 28.1.2004.

Skriftlege

Kjell Lars Berge: *Om skrivning som basisferdighet*. Notat pr. 1.12.2003 frå skriveprøveprosjektet

Det Norske Samlaget: Notat til statssekretær Helge Ole Bergesen om oppheving av unntaket for språkleg parallellitet for "administrativ programvare" som blir nytta i skoleverket. Oslo 2.7.2003

Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*. Oslo 1998

– : ”Sidemålsstilens historiske og kulturelle rolle”, i *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 259–286

– : *Viljen til språk*, årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasentunet 25.9.2002, trykt som manuskript

Knut Åge Teigen: ”Å snu negative haldningar til positiv handling”, nettmagasinet *Klikk*, Læringscenteret

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på www.aasentunet.no.

Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet

”Der er behov for endring. Der er vilje til å gå nye vegar. Og der er krav om at endringane ikkje må svekkje nynorsk som ein jamstelt del av den språkdelte norske kulturen.”

Ottar Grepstad er direktør i Nynorsk kultursentrum, og har m.a. gitt ut *Det nynorske blikket* (2002).

Nynorsk kultursentrum eig og driv

- Ivar Aasen-tunet, nasjonalt dokumentasjons- og opplevingscenter for nynorsk skriftkultur. Aasen-tunet blei opna 22. juni 2000 og fører mellom anna vidare tradisjonen frå Ivar Aasen-museet. Dette museet blei skipa i 1897 og er truleg det eldste personmuseet i landet.
- Dei Nynorske Festspela, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen. Festspela har vore arrangerte kvart år sidan 1992.
- www.aasentunet.no, nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Nettbiblioteket på www.aasentunet.no inneheld den største samlinga av nynorske tekstar på Internett.

Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda
Telefon 70 04 75 70, faks 70 04 75 71, admin@aasentunet.no

HOVUDSPONSORAR

Sparebanken Volda Ørsta Sunnmørsposten Tussa Kraft Widerøe Ørsta Stål